



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marte Ruvang Karlsen, 5557 2116

Vår dato
04.04.2016
Dykkar dato
01.02.2016

Vår referanse
2016/1499 423.1
Dykkar referanse

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Byggesak - Lindås kommune - Gnr 146 Bnr 37 - Fosse ytre - Tiltak på eksisterande bustad - Reduksjon av gebyr

Vi viser til Lindås kommune si oversending av klagesaka, mottoken her den 01.02.2016.

Vedtak

Fylkesmannen i Hordaland stadfestar Lindås kommune sitt vedtak av 19.05.2015, sak 14/2583, om avslag på søknad om reduksjon av gebyr.

Bakgrunnen for saka

Saka gjeld klage på kommunalt vedtak om avslag på søknad om reduksjon av gebyr.

Lindås kommune mottok den 22.01.2013 søknad om legalisering av fleire tiltak på eksisterande bustad på gnr. 146 bnr. 37. Det vart i samband med dette gjeve dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel i høve tillaten utnyttingsgrad.

Som følge av dispensasjonsvedtaket vart det i vedtak datert 26.04.13 gjeve løyve til tiltaka. Det vart samtidig gjeve gebyr på kr. 21.700,- for sakshandsaminga. Gebyret vart fastsett ut i frå Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013.

På vegne av tiltakshavar vart det i brev frå advokat Bendik Holstad datert 16.01.2014 søkt om reduksjon av gebyret. Søknaden vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 19.05.2015. Søknaden vart avslegen.

Vedtaket om avslag på reduksjon av gebyr vart klaga på av tiltakshavar Torill Vabø Malmqvist den 01.06.15. Klaga vart handsama av byggesaksavdelinga i Lindås kommune den 01.02.2016. Klaga vart ikkje tatt til følge.

Saka vart etter dette sendt over til Fylkesmannen for endeleg avgjerd. I oversendinga er det opplyst om at Lindås kommune har endra gebyret til kr.14.200,- då det er tatt eit dispensasjonsgebyr for mykje i saka. Dette er ikkje gjort som følge av klaga, men vart oppdaga ved gjennomgang av saka.

Om saka si bakgrunn elles viser vi til dokumenta i saka som vi føreset at partane er kjende med. Fylkesmannen finn saka tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova (fv1.) § 33 siste ledd.

Fylkesmannen si vurdering av saka

Forvaltningslova gjeld for Fylkesmannen si sakshandsaming, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 1-9 første ledd. Fylkesmannen har kompetanse til å prøve alle sider av saka, også om det ligg føre nye omstende jf. fvl. § 34 andre ledd.

I klaga kjem det fram fleire omstende som ikkje direkte er knytt opp mot sjølve gebyrklaga. I likskap med kommunen vel Fylkesmannen å halde desse utanfor vurderinga om kor vidt vilkåra for reduksjon av gebyr er oppfylte. Dette gjeld mellom anna påstand om forskjellshandsaming i byggesaker, omtalt «kloakksak», og påstått ulovleg bygging av veg og manglande drenering.

Heimelen til å gi forskrift om gebyr til kommunane følgjer av pbl. § 33-1. Fylkesmannen legg til grunn at Lindås kommune sitt gebyrregulativ er i samsvar med regelverket.

Det er gjeve gebyr tilsvarande kr. 500,- for kartbasis, kr 15.000,- for to dispensasjonar, og kr. 6.200,- for tilbygg. Total kr 14.200,-.

I Lindås kommune sitt gebyrregulativ for 2013, pkt. A.4, står det følgjande:

«Når særleg grunn ligg føre, kan det søkast om redusert gebyr. Søknad om nedsetting av gebyr utsett ikkje betalingsfristen. Personlege/sosiale tilhøve reknast ikkje som særleg grunn.»

Spørsmålet blir etter dette om det ligg føre «særleg grunn» som tilseier redusering av gebyret. Føresegna si ordlyd tilseier at det er snakk om ein relativ høg terskel. Det skal difor svært mykje til før dette vilkåret er oppfylt.

Klagar hevdar at fleire av tiltaka vart godkjent allereie i 1980, det er her vist til kjeller, trapp og dør, samt altan på inngangsparti mot aust. Det er vidare vist til at ny trapp i 2007 berre var vedlikehald, og at glasoverbygg på tidlegare godkjent terrasse kan takast vekk. I e-post til Fylkesmannen datert 03.02.16 hevdar tiltakshavar at det vart gjeven munnleg samtykke til tiltaka frå sakshandsamar Solberg i Lindås kommune våren 2007 og at det den gong blei informert om at tiltaka vart vurdert som vedlikehald.

Fylkesmannen kan ikkje ta stilling til om kor vidt tiltaka har vært ulovleg oppførte eller ikkje. Dette skulle i så tilfelle vore handsama for seg då kommunen oppretta sak om ulovlege tiltak på eigedomen.

I gjeldande tilfelle er det sendt inn søknad om legalisering av diverse tiltak på eigedomen, og det er gitt gebyr for sakshandsaminga av denne søknaden. Gebyrregulativet er utarbeida med utgangspunkt i dei utgiftene kommunens sakshandsaming medfører. Det følgjer av kommunen sitt vedtak datert 27.05.15 at gebyret i gjeldande sak er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege utgifter for liknande sakstyper. Kommunen har uttalt at det ikkje har vore knytt rettsleg eller faktisk tvil i å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka. Vi merkar oss elles at det berre er tatt gebyr for eit tilbygg, sjølv om søknaden gjaldt fleire tiltak.

Fylkesmannen kan etter dette ikkje sjå at det ligg føre «særleg grunn» som tilseier reduksjon av gebyret.

Vurdering av gildskap

Klagar hevdar at ein tilsett på planavdelinga i Lindås kommune har uttalt «*at kommunen ikke brydde seg i denne saken, da alle holdt med Jostein*». Den tilsette skal vere sambuar med Jostein Antoniazzi som i sin tid skal ha varslet om ulovleg bygging på klagar sin eigedom.

Kommuneadvokaten i Lindås har på denne bakgrunn vurdert om byggesaksavdelinga er ugild i denne saka. Konklusjonen er at avdelinga ikkje er ugild. Fylkesmannen tiltrer denne vurderinga. Vi visar til at føresegnene om gildskap i forvaltningslova gjeld for enkeltpersonar og ikkje får verknad for heile avdelingar med mindre ein overordna er ugild jf. fvl. § 6 tredje ledd. Det er ikkje hevda at dette er tilfellet i gjeldande sak.

Fylkesmannen finn etter dette ikkje grunnlag for å setje til side kommunen sitt vedtak om avslag på søknad om reduksjon av gebyr. I vurderinga har vi også lagt vekt på omsynet til det kommunale sjølvstyret, jfr. fvl. § 34 andre ledd.

Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg og kan ikkje påklagast jf. fvl. § 28 tredje ledd.

Med helsing

Karen Elin Bakke, e.f.
seniorrådgjevar

Marte Ruvang Karlsen
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Sandanger Advokatfirma DA v/Bendik
Holstad

Lars Hillesgate 19 5008 BERGEN

Torill Vabø Malmquist

Skarsvegen 413 5911 ALVERSUND